

Fjellminne 2

Slogen. Dette var i 1960, og første gongen vi vandra inn i denne delen av fjellheimen. 15-16-åringane Kåre Bolstad, Arild Lade og eg. Målet var Patchelhytta. Kåre hadde fått forklart vegen av bestefaren, for kart mangla. Det skulle liksom vere finevêr, men i Brunstaddalen låg skodda lavt. Stemninga vart svært trolsk etter kvart som dei kringliggande taggane stakk ut or det oppsprukne skoddehavet. Oppe på Brunstadskaret kom også finevêret, og etter litt diskusjon var retninga klar. Etter kvart fann vi hytta, ei lita steinbu, då som no under Smørskredtind. Vi var ikkje åleine. Tre lokalkjende fjellvandrarakar frå Stranda fortalde kva vi såg, og vi spurde dei ut om korleis det var å gå på Slogen. Jau, det var å anbefale. "Men dokke må passe dokke når dokke passerer snørenna, der e det bratt", vart det sagt. Opp kom vi og det var spennande å henge over kanten. Etter ei stund kom også strandarane. Dette var ukjent lende for oss, men med entusiastiske lokalkjende guider festa etter kvart tanken seg om å gå Gullmordalen tilbake. Turen vart godt forklart og varmt anbefalt. Og gutane gjekk. Det var no so som so med mat og drikke så løysinga vart heftige avbrekk i blåbærtuene i Vellesæterdalen. Men turen sette varige mein, i allefall i nokre av oss.

Råna. I Velledalen var det vel kanskje ikkje så altfor vanleg med toppturar i "alpetindane" i 1960. Inspirasjon kom m.a. gjennom herrane Jostein Gjerde og Lars Tynes som fortalde om sine opplevelser med ein lysbildeSerie på gamle ungdomshuset i Velledalen. Det same hadde omreisande Thorleif Schelderup gjort på ein framifrå entusiastisk måte. Lokalt hadde vi høyrte at ein gjeng frå Dravlaus ein gong hadde prøvd seg opp Fossane i håp om å nå Råna. Arnljot Lade og ein kamerat enda i Skuffelsen Skard (nordveggen) i same ærend, også utan å kome opp. Råna var ikkje lett å ta på gefylen. Men Arnljot gav seg ikkje og turen vart så gjort via breen og over Midtre Regndalstind av Arnljot, Rolf, Arild og meg, med heimelaga isøks der hovudindingrediensen var ein 10-tomsspikar og ei flatfil. Seinare vart turen gjort i veggen eller via Hansens renne som Rolf meiner er rausa ut no.

Varm tur. Om lag 20 år etter første møtet hadde eg med 30 vandrarakar frå "Die Tyrolische Alpenverein" på tur til Slogen. Eg hadde hjelpt dei med eit norsk opplegg, og hadde henta dei i Jotunheimen der vi m.a. var på Fanaråken, ein tur som resulterte i opprydning i den digre søppelskråninga nedanfor Fanaråkhytta. No låg dei ved Union Hotell på Øye og vandra opp nakken derifrå. Kjentmann Schmidt var med, og det var òg Elise Weiberg-Aurdal. Vi skulle representere det norske innslaget. Ein steikheit solskinsdag med 27 varmegrader gjorde at sjølv garva tyrolerer vart ålsveitte, andpustne og lova meg revansj i heimlandet. Etter å ha kledd toppen på fuglefjellvis vart det bading i iskalde Grønevattnet for dei av troppa som valde å gå vegen om Urke tilbake. Men Slogen hadde gjort eit solid inntrykk på godt vande Austerrikarar.

Jan Lade